



Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/604 - 16/12191

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
17.06.2016

## Godkjenning - GBNR 1/5 m.fl - Dispensasjon frå krav om områdeplan i arealdelen til kommuneplanen for detaljregulering - Flatøy

**Administrativt vedtak. Saknr: 204/2016**

**Tiltakshavar:** Statens vegvesen  
**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon frå krav om områdeplan i arealdelen til kommuneplanen, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 første ledd.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Statens vegvesen har i søknad journalført 8.4.2016 søkt om dispensasjon frå krav om områderegulering i arealdelen i kommuneplanen (KPA) for detaljregulering av nytt kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy.

#### Søknaden er grunngjeven slik:

«Statens vegvesen søker om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplan, ID 1256 2010 0003, i samband med planlegging nytt kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy. I kommuneplanen fell tiltaket innfor område merka som sone «H810\_2 – krav til felles planlegging» kor det ikkje kan gjerast tiltak før det ligg føre områderegulering.

*I følgje planføresegnene, pkt. 4.5, skal det i dette området utarbeidast heilskapeleg plan i høve infrastruktur, kollektivterminal, innfartsparkering og utviding av areal til næringsverksemd. Statens vegvesen legg opp til at detaljreguleringsarbeidet tar vare på heilskapen mellom desse momenta og at det soleis ikkje må lagast ny områderegulering. I oppstartsmøte med Meland kommune har planen fått ID 1256 2016 0002. Plangrense for tenkt varsel om oppstart følgjer nedanfor.*

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

*Det er i dag ca. 300m gangavstand mellom innfartsparkeringa og kollektivknutepunktet. I planen vil det vere eit mål at denne avstanden kortas ned. Dagens bussar må køyre ei lang ekstrarunde for å nytte knutepunktet og kapasiteten er sprengt. I tillegg er den ikkje universell og dårleg utforma med omsyn til trafikktryggleik. Det er eit mål at alle desse momenta vert betre i nytt knutepunkt. Innfartsparkeringa har i dag plass til 69 bilar. Reguleringsplanen vil legge til rette for langt fleire parkeringsplassar, slik at fleire kan velje å sette frå seg bilen og bruke buss når dei skal reise vidare frå Flatøy mot Bergen.»*

## **VURDERING:**

### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg i denne saka, jf. pbl § 21-3 første og andre ledd. Det er kome inn merkandar frå naboar v/Steinar Hansen i brev datert 18.4.16 og frå Kirsten og Irene Flatøy i brev datert 25.4.2016. Merknadane går i all hovudsak ut på forhold som må vurderast i planarbeidet. Administrasjonen føreset difor at merknadane vert vurdert under planarbeidet med detaljreguleringa.

### Høyring:

Omsøkt dispensasjon er sendt til Fylkesmannen i Hordaland v/kommunal- og samfunnsplanavdelinga og Hordaland fylkeskommune v/regionalavdelinga for uttale i brev av 25.4.2016. Det er motteke uttale frå Hordaland fylkeskommune v/kultur- og idrettsavdelinga i brev datert 24.5.2016. Fylkeskommunen har ingen merkandar til dispensasjonssøknaden når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser, så framt krav om detaljreguleringsplan vert oppretthalde. Ved oppstart av detaljreguleringsplan vil fylkeskommunen vurdere om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å oppfylle § 9 i kulturminnelova. Administrasjonen føreset at dette vert fylgt opp under planarbeidet med detaljreguleringa.

### Lov- og plangrunnlag:

Det omsøkte området ligg i sone H810\_2 Flatøy i KPA. I følgje kommuneplanens føresegn 4.5 skal det utarbeidast ein heilskapleg områderegulering på Flatøy i høve til infrastruktur, kollektivterminal, innfartsparkering og utviding av areal til næringsverksemd. Før slik plan ligg føre kan det ikkje gjerast tiltak i området, jf. KPA føresegn 1.2.2.

Ettersom kommuneplanen er bindande for nye tiltak etter pbl § 1-6, jf. pbl § 11-6 første ledd, må det vurderast om det kan gis dispensasjon frå krav om områdeplan for utarbeiding av detaljreguleringsplan, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

### Dispensasjon – vilkår og vurdering:

Både heimel og vilkår for dispensasjon følgjer av pbl § 19-2 andre ledd. Omsyna bak føresegna i kommuneplanen må etter dette ikkje verte «vesentlig» sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere «klart større» enn ulempene etter ei samla vurdering. I vurderinga må det også takast omsyn til den generelle formålsføresegna i pbl § 1-1 som seier at «[l]oven skal fremme bærekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og fremtidige generasjoner.»

Formålet med å krevje områderegulering er å sørge for at areal- og ressursdisponeringa vert avklara i ein overordna planprosess, ikkje ved den enkelte saka. Planlegging vil i tillegg «sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter», jf. Pbl § 1-1.

I dette tilfellet skal det utarbeidast ein detaljreguleringsplan. Alle berørte interesser og mynde får dermed moglegheit for å medverke i planlegginga. På bakgrunn av dette finn administrasjonen at formålet bak krav om områderegulering ikkje vert vesentleg sett til side.

Vidare er det ein fordel i dispensasjonsvurderinga at ein kan starte arbeidet med detaljreguleringsplanen no. På bakgrunn av at berørte interesser vil bli vurdert i detaljreguleringsprosessen, kan administrasjonen ikkje sjå at det ligg føre ulemper som tilseier at det ikkje kan gis dispensasjon i dette tilfellet. Fordelane ved å gi dispensasjon er etter dette klart større enn ulempene, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

På bakgrunn av det ovanneemde finn administrasjonen at det kan gis dispensasjon frå krav om områderegulering i KPA føresegn 1.2.2 for detaljregulering av nytt kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir dispensasjon frå kommuneplanens krav til områderegulering for detaljregulering av nytt kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy, jf. pbl § 19-2 andre ledd, i henhold til søknad journalført 8.4.2016.*

*Dispensasjon vert gjeve på vilkår om at det skal utarbeidast detaljreguleringsplan for området før løyve om utbygging vert gjeve.*

*Dispensasjonen fell vekk dersom arbeidet med detaljreguleringsplan ikkje er satt i gang seinast 3 år etter at dispensasjon vart gjeve, jf. pbl § 21-9.*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagæen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vart kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Nabovarsel PlanID 1256 2016 0002, Flatøy - Meland Kommune

Følgeskriv

Kart

**Mottakere:**

169 Steinar Hansen på vegne av  
bruk 68

Hordaland Fylkeskommune

Kultur- og  
idrettsavdelinga

5020

BERGEN

Statens vegvesen

Region vest

6863

LEIKANGER

Terje Flatøy

Flatøyvegen 25

5918

FREKHAUG